

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 10.03.2022

**FRÅ:** Administrerande direktør Jon Bolstad

**SAKSHANDSAMAR:** Fag- og utviklingsdirektør Christer Bakke Frantzen  
Kontorsjef Grethe Bjørndal

**SAKA GJELD:** Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF

**ARKIVSAK:** 2021/782

**STYRESAK:** 04/22

**STYREMØTE:** 17.03.2022

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tilrår oppretting av brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF.

## Oppsummering

I lovgrunnlag, vedtekter, oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka, og i styringsdokument frå dei regionale helseføretaka til føretaka er det lagt til grunn at det skal etablerast gode system for brukarmedverknad på ulike nivå. Det er etablert brukarutval i Helse Vest, og i dei fire sjukehusføretaka i regionen. Dei tre andre apotekføretaka har alle oppretta brukarutval. Etter vurdering av fordeler og ulemper, kontekst, samt rettleiarar for brukarmedverknad tilrår administrasjonen oppretting av eige brukarutval i SAV.

## Fakta

Brukarmedverknad er lovfesta i Pasient- og brukarrettigetslova, og i Helseforetaksloven §35, 1. og 2. ledd:

- «*Regionalt helseforetak skal sørge for at representanter for pasienter og andre brukere blir hørt i forbindelse med utarbeidelse av plan..».*
- «*Regionalt helseforetak skal sørge for at virksomheter som yter spesialisthelsetjenester og andre tjenester som hører naturlig sammen med dette, etablerer systemer for innhenting av pasienters og andre brukeres erfaringer og synspunkter..».*

I vedtekter for dei regionale helseføretaka §14 om Medvirkning fra pasienter og pårørende, 1. ledd står det mellom anna:

- «*Styret skal påse at pasienters og pårørendes rettigheter og interesser blir ivaretatt, blant annet gjennom et fast samarbeid med deres organisasjoner..».*

På oppdrag frå HOD etablerte dei fire regionale helseføretaka i 2017 felles retningslinjer for mandat for Brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak, og det er oppnemnd brukarutval i dei fire sjukehusføretaka, samt i Helse Vest RHF.

Dei fire helseføretaka utarbeidde i 2018 og ein «Veileder for brukermedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten». Brukarmedverknad i forsking er ein del av oppdrag frå HOD til dei regionale helseføretaka. Ein viser elles til Helse 2035 kor det bl.a. er nedfelle at

- «*Pasienten har rett til å medverke i eiga behandling. Dette gir også ei forventing om at pasienten bidreg aktivt med det ein kan inn i behandlinga..»*

Sjukehuspoteika Vest HF har så langt ikkje etablert eige brukarutval, men har basert seg på å legge fram saker i regionalt brukarutval og i helseføretaka sine brukarutval dei siste åra. I perioden frå 2016 og fram til d.d har det blitt lagt fram eit utval av saker for lokale og regionale brukarutval.

## Regionalt brukarutval

Legemiddelmangel (juni 2019)

Arbeid med risikoområde legemiddel (ROMLE) (september 2021)

### Helse Bergen sitt brukarutval

Ombygging av publikumsavdelinga Sjukehusapoteket i Bergen (april 2016)

### Helse Stavanger sitt brukarutval

Ombygging av publikumsavdelinga Sjukehusapoteket i Stavanger (juni 2016)

### Helse Fonna sitt brukarutval

Dialog om kundeundersøking og presentasjon av verksemda (september 2016)

### Helse Førde sitt brukarutval

Dialog med brukarrepresentant i samband med planlagt ombygging av publikumsavdelinga (2021)

Dei tre andre sjukehusapotekføretaka har alle oppretta brukarutval. Dokument som beskriv føremål og handlingsplan for brukarutvalet i Sykehusapotekene HF ligg som vedlegg til denne saka.

### ***Opprettning av brukarutval i SAV?***

I styringsdokument 2022 for Sjukehusapoteka Vest er bl.a. omtala ei *overordna føring* i Helse Vest om *samhandling*, kor pasientar, brukarar og pårørande skal oppleve ei samanhengande helse- og omsorgsteneste på tvers av forvaltningsnivå og fagområde. Det er elles ikkje omtala noko direkte oppdrag frå eigar til Sjukehusapoteka Vest når det gjelde brukarmedverknad.

I retningslinjer for brukarmedverknad er nedfelt satsar for godtgjersle for arbeidet i dei ulike brukarutvala i regionen. Det vil her være naturleg at Sjukehusapoteka Vest legg seg på same nivå som eit av dei minste helseføretaka. Dette tilseier at årleg budsjetttestimat for eit brukarutval i SAV vil være på ca. NOK 60.000,-. Budsjett må sjåast i samanheng med årleg sakstilfang og årleg møtefrekvens.

Administrasjonen si vurdering er at det er to moglege alternativer for å sikre brukarmedverknad i føretaket. Det er fordeler og ulempar med begge alternativa.

#### 1. Opprette eige brukarutval

Fordel: Gjer det mogleg å få betre brukarperspektiv på ulike aspekt av SAV sine leveransar, samarbeid mellom brukarutval i regionen, kontinuitet, omdøme og synlegheit.

Ulempa: Auke i administrativ ressurs til saksførebuing og møtegjennomføring, kostnad, risiko for sjukehusapotek som silo i spesialisthelsetenesta.

#### 2. Halde fram med å nytte regionalt brukarutval og dei lokale brukarutvala

Fordel: Effektivt å nytte utval som allerede er etablert, enklare kopling til saker frå sjukehusa – SAV blir del av heilskapleg helsetenesta

**Ulempe:** Diskontinuerleg representasjon gjennom deltaking på enkeltsakar, auka risiko for at saker som burde vore diskutert med brukar ikkje blir lagt fram for brukarutval, fem ulike utval.

## Kommentarar

SAV fekk brev frå regionalt brukarutval datert 19.10.21 med oppmading om å oppnene eige brukarutval. Det er gitt mellombels tilbakemelding om at saka er til vurdering og er meldt til styremøte 17.03.2022.

## Konklusjon

Etter vurdering av fordeler og ulemper, kontekst og rettleiarar for brukarmedverknad tilrår administrasjonen oppretting av eige brukarutval i SAV.

Apotekføretaket har ei regional rolle som sjukehusapotekføretak og eit brukarutval i SAV bør såleis koplast tett opp mot regionalt brukarutval og gjerne med ei representant fra kvart av HFa sine brukarutval. I tillegg vil samarbeid med brukarutval i andre sjukehusapotekføretak vere viktig. Møtefrekvens må tilpassast til sakstilfang og administrativ kapasitet. Det vil evt bli peika ut ansvarleg person i Sjukehushapoteka Vest som skal følgje opp brukarutvalet (møtesekretær).

## Vedlegg:

1. Brev frå regionalt brukarutval til SAV datert 19.10.21
2. Mandat for brukarutval i Sykehusapotekene HF
3. Handlingsplan for brukarutval i Sykehusapotekene HF